

**Fylkesmannen i Hordaland**Sakshandsamar, innvalstelefon
Eirik Brynjelsen, 55 57 21 70Lynghesenteret
v/Museumssenteret i Hordaland
Salhusvegen 201
5107 Salhus

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
- 2. 07. 2015	
Ark. saksnr	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

Vår dato
30.06.2015
Dykkar dato
15.04.2015Vår referanse
2015/5499 512.1
Dykkar referanse

Kopi Lindås kommune

Løyving UTM-midlar - Hanndyrsentral for gammelnorsk sau

Vi viser til e-post 15.04.15 med søknad om støtte til etablering av *Hanndyrsentral for gammelnorsk sau*. Søknaden er handsama etter *Fullmaktsbrev 2015 til Fylkesmannen frå Landbruks- og matdepartementet 16.02.15*, og etter føringar i *Regional næringsstrategi for landbruket i Hordaland 2013-17*.

Vedtak

Landbruksdirektøren i Hordaland løyver kr. 75.000,- til medfinansiering av prosjekt Hanndyrsentral for gammelnorsk sau. Løyvinga er avgrensa til 50 % av totalt budsjett kr. 150.000,-.

Vilkår

- prosjektet blir fullfinansiert og gjennomført i høve budsjett
- eventuelle endringar i prosjektplan skal søkast skriftleg til FMLA
- oppmoding om sluttutbetaling må leggest ved sluttrapport og –rekneskap
- næringa og Villsaulaget må vere aktive partar i prosjektet
- prosjektet må legge vekt på at hanndyrsentralfunksjonen/-samarbeidet blir utforma slik at det vert sjølvfinansierende som betalingsteneste, fast medlemstilbod og/eller inkorporert i drifta til Lynghesenteret/Villsaulaget mfl. etter prosjektperioden er over

Utgreiing

Ekstensiv drift med utgangarsau, hovudsakeleg av gammalnorsk sau («villsau») har breidd kraftig om seg sidan den mest var utdøydd berre for nokre tiår sidan, og rasen og driftsforma tel no fleire tusen dyr berre i Hordaland og eit par titusen på landsbasis. Etter at tilskotskille i høve intensivt sauehald vart oppheva i fjor, er det ei viss uro for at driftsforma spreier seg utover det naturgjevne geografiske området, og at både rasen og villsauomgrepet blir vatna ut.

Den naturnære driftsforma og det genetiske mangfaldet i rasen, gjer at systematisk avlsarbeid ikkje er eit eigna instrument for bevaring og vidareutvikling av populasjonen. Konseptet med ein faktisk/virtuell hanndyrsentral, som eit verktøy for

utval og utveksling av genmateriale mellom buskapane framstår difor som eit godt og effektivt system.

Sidan villsauhaldet, uansett tilskotsregime, i sin natur bør vere knytt til kystlyngheia, finn vi det naturleg at Lyngheisenteret på Lygra står som søker og organisator, i samarbeid med produsentar i nærmiljøet. Det vitigaste er at næringsinteressene og – nytta er ivareteke gjennom eit tett samarbeid med Norsk Villsaulag.

Auka grad av praktiske samarbeidstema innan næringa bør generelt vere av interesse for Villsaulaget. Dette kan føre med seg ytterlegare fellestiltak og samarbeid i næringa, td. er potensialet for ein eigen ullsentral nemnt i søknaden.

Utbetaling

På oppmoding frå søker kan inntil 75 % av løyvinga betalast ut i prosjektperioden. 25 % blir halde att til prosjektet er sluttrapportert og godkjent. Krav om utbetaling skal være skriftleg, og blir rekna som aksept av vilkåra for tilsegna. Krav om sluttutbetaling skal leggest ved rapport og revidert prosjektrekneskap. Reduserte kostnader i høve budsjett vil vanlegvis medføre tilsvarande reduksjon i tilskotsutbetaling.

Prosjektet må vere ferdigstilt og rapportert FMLA Hordaland innan 31.12.2017.

Med helsing

Dirk Kohlmann
Ass. Landbruksdirektør

Eirik Brynjelsen
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Dette vedtaket kan klagast inn for Landbruksdirektoratet, Postboks 8140 Dep, 0033 Oslo. Ein eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet og sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Klagen bør vere grunngjeven, jf. § 32 i Forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen de mottok denne meldinga.

Kopi: Lindås kommune, Postmottak, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
Norsk Villsaulag, post@villsau.no
Johan Lygre, 5912 Seim